

Rikstad bedehus
v/ Per Bjørkhaug
Nordre Villanger 40
5937 Bøvågen

15.august 2017

Radøy kommune
Radøyvegen 1680

5936 Manger

Søknad om drift av veglys. Søknad om kjøp av lys.

Rikstad bedehus er for tida det einaste «offentlege» møteplassen i Risneskrinsen. Huset vert nytta til eigne møter gjennom heile året. I tillegg nyttar Risnes grendalag og Risnes krins grunneigarlag huset jevnleg til sine møter. Det vert også utleigd ein del til åremålsdagar, minnestunder ved gravferder og andre samkomer.

Bedehuset nyttar stort sett gravplassen si parkering som ligg mellom bedehuset og gravplassen på Rikstad. Plassen tilhøyrrer kommunen/kyrkja og er i etablert av omsyn til gravplassen på Bauten. I vinterhalvåret er det lite lys og det hadde vore tenleg med eit veglys i tilknytning til parkeringsplassen då dei fleste samkomene er på kveldstid.

Det står stolpe like sør for bedehuset og som kan nyttast til montering av lampe.

Vi vil søkje om at Radøy kommune tek kostnaden med drift av 1 veglyspunkt ved behuset.

Dersom det fins post til oppsetting av veglys vil vi også gjerne søkje om tilskot til oppsetting av lampen.

Med venleg helsing



Rikstad bedehus
Per Bjørkhaug
leiar